



STORTINGET

Innst. 163 S

(2019–2020)

Innstilling til Stortinget
frå energi- og miljøkomiteen

Dokument 8:41 S (2019–2020)

Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Sandra Borch, Trygve Slagsvold Vedum, Sigbjørn Gjelsvik, Ole André Myhrvold og Emilie Enger Mehl om lisensfelling i ulvesonen, nærmere bestemt revirene i Mangen og Rømskog

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet vert følgjande forslag fremja:

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart følge opp rovviltneemndenes vedtak om å gi lisensfelling på ulvene i revirene i Mangen og Rømskog, slik at fellingene kan skje i inneværende lisensfellingsperiode. Lisensfellingsperioden forlenges hvis det er nødvendig, slik at de nevnte ulveflokkene blir tatt ut.»

Ein viser til dokumentet for ei nærare grunngjeving for forslaget.

Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Åsmund Aukrust, Espen Barth Eide, Ruth Grung, Else-May Norderhus og Runar Sjøstad, frå Høgre, Leif Erik Egaas, Liv Kari Eskeland, Stefan Heggelund og Lene Westgaard-Halle, frå Framstegspartiet, Jon Georg Dale og Terje Halleland, frå Senterpartiet, Sandra Borch og Ole André Myhrvold, frå Sosialistisk Venstreparti,

Lars Haltbrekken, frå Venstre, leiaren Ketil Kjenseth, frå Kristeleg Folkeparti, Tore Storehaug, og frå Miljøpartiet Dei Grøne, Une Bastholm, viser til Representantforslag 41 S (2019–2020), som omhandlar lisensfelling i ulvesona, nærare bestemt Mangen- og Rømskogrevira.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Senterpartiet, syner til den todelte målsettinga for norsk rovviltpolitikk, der ein både skal sikre alle dei store rovviltartane i norsk natur og ta i vare landbruks- og tamreinsinteressene sin bruk av utmarksområde.

Fleirtalet meiner at rammene for gjeldande rovviltpolitikk er sett gjennom dei vedtekte rovviltforlika (St.meld. nr. 15 (2003–2004), jf. Innst. S. nr. 174 (2003–2004), og Dokument 8:163 S (2010–2011), jf. vedtak 687 (2010–2011)) som byggjer på naturmangfaldslova og Bernkonvensjonen, samt fleirtalsvedtaket om ulv, jf. Innst. 330 S (2015–2016).

Komiteen merkar seg at rovviltneemndene har lagt naturmangfaldslova sin § 18 c til grunn for vedtak om felling.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet, syner vidare til svarbrev frå statsråd Sveinung Rotevatn, datert 28. januar 2020. Brevet er lagt ved innstillinga. Brevet syner til at departementet har funne at for dei to revira Mangen og Rømskog er det ikkje heimel for å nytte § 18 c, og har dermed trekt tilbake fellingsløyva.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Senterpartiet, har vidare merka seg at Borgarting lagsmannsrett i ei ankesak mellom WWF og Staten i dom 29. januar 2020 har gitt WWF medhald i at det ikkje

skulle vore gitt fellingsløyve i 2017 for ulveflokkane «Julussa» og «Osdalen». Lagmannsretten sitt fleirtal meiner forvaltninga og departementet i klagehandsaminga har tolka fellingsadgangen med heimel i naturmangfaldslova sin § 18 c for vidt. Dette fleirtalet syner til at dommen ikkje er rettskraftig, og at heimelsgrunnlaget i § 18 c ikkje er endeleg avklara.

Medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti merkar seg at regjeringa ved Klima- og miljøverndepartementet 6. februar 2020 gjorde kjend at dei vil anke Borgarting lagsmannsretts dom inn for Høgsterett. Det er særskild viktig å få klarlagt det juridiske handlingsrommet for ulveforvaltninga innanfor gjeldande lovverk.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet, syner til at det i representantforslaget vert foreslått at Stortinget skal overprøve eit forvaltingsvedtak og ei klagehandsaming som ligg til regjeringa, og at det er uvisst om det vil vere lovleg for statsråden å innfri forslaget. Fleirtalet meiner derfor at forslaget ikkje bør vedtakast.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet mener det er viktig å bidra til en løsning som er i tråd med den nødvendige balansegangen mellom ansvar for en ulvebestand og andre hensyn, som ligger til grunn for ulveforliket fra 2016. Derfor er det viktig at den brede enigheten i Stortinget om å forvalte de store rovdyrene etter bestandsmål skal kunne bidra til å dempe konfliktnivået i rovviltsspørsmål.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Senterpartiet mener det er avgjørende at alle parter har respekt for de bestandsmål Stortinget har satt. Dette innebærer at når en bestand ligger over bestandsmålet, så må bestanden reguleres.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet mener at føringene i forlikene skal bidra til å dempe konflikten, og vil nok en gang presisere at disse medlemmer forventer at myndighetene og forvaltningen følger opp disse.

Disse medlemmer mener derfor at det er nødvendig at det legges inn et eget punkt i naturmangfoldloven § 18 som grunnlag for felling når det av Stortinget vedtatte bestandsmålet er nådd, og disse medlemmer har fremmet et slikt lovendringsforslag i Stortinget.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Fremskrittspartiet og Senterpartiet mener det er avgjørende at det fastsettes

bestandsmålet for ulv forvaltes i tråd med best tilgjengelig kunnskap om bestandstallet for perioden. Vilåret «best tilgjengelig kunnskap» skal sikre forutsigbarhet med hensyn til hva som forventes av kunnskapsinnhenting.

Disse medlemmer mener at det bør utredes et system for å følge med på utviklingen i alle etablerte ulverevir som grunnlag for at nødvendig dokumentasjon forefinnes dersom/når det blir aktuelt å vurdere felling av ulv i etablerte revir.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet mener videre at det bør settes en frist for når departementets klagebehandling bør være avsluttet, slik at klagebehandlingen er avsluttet senest innen én måned før jaktstart. En slik frist vil gi forutsigbarhet for jegerne og virke konfliktdempende.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sørge for å utrede et system for at forvaltningen kan følge med i utviklingen i alle etablerte ulverevir, samt de samfunnsmessige konsekvenser av disse, slik at all nødvendig dokumentasjon forefinnes som grunnlag for rovviltnemndenes vedtak.»

«Stortinget ber regjeringen sette en frist for når departementets klagebehandling bør være avsluttet, slik at klagebehandlingen er avsluttet senest én måned før jaktstart.»

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet viser til Arbeiderpartiets forslag, som går på den generelle ulveforvaltningen, og fremmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen sørge for at rovviltnemndenes struktur skal ligge fast, og at forslaget om å flytte den endelige beslutningsmakten i klagesaker på rovviltfeltet til en uavhengig, nasjonal klagenemnd legges bort.»

«Stortinget ber regjeringen bruke høy innavlsgrad som et selvstendig kriterium for uttak av ulv og at adgangen til å skjerme ulv fra forvaltning på grunn av 'genetisk viktighet' strammes kraftig inn.»

«Stortinget ber regjeringen se på muligheten for endring i rovviltforskriften med tanke på ordinær kvotejakt på ulv når bestandsmålet er nådd og stammen er levedyktig.»

«Stortinget ber regjeringen endre bestandsmålet for ulv slik at enkeltindivider, par og familiegrupper av ulv som ikke har ynglet, inkluderes, slik at det samlede predasjonstrykket kommer fram og det settes et tak.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Senterpartiet mener det er behov for

at regjeringen sikrer muligheten for å utstede fellingstilatelser for ulv som muliggjør en effektiv forvaltning i tråd med Stortingets vedtatte bestandsmål. Dette målet er fastsatt for å ivareta den todelte målsettingen i rovdyrpolitikken. Målet tydeliggjør at bestanden gjennom tre år skal ha et gjennomsnitt på mellom 4 og 6 valpekull. Disse medlemmer viser til at det i årene etter ulveforliket har vært et gjennomsnitt per år på 8,6 valpekull.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at dette viser at man til tross for nedgang i antall valpekull fortsatt ligger over Stortingets fastsatte bestandsmål.

Disse medlemmer deler primært forslagsstillerens syn på at også revirene Mangen og Rømskog skulle vært tatt ut.

I lys av dommen av 29. januar 2020 fra Borgarting lagmannsrett som omhandler felling av revirene Julussa og Osdal i lisensfellingsperioden 2017–2018, anser disse medlemmer det som usannsynlig at felling i tråd med forslaget vil kunne gjennomføres uten at domstolene vil gi oppsettende virkning i tilfelle fellingsvedtaket skulle bringes for retten.

Disse medlemmer er opptatt av å sikre grunnlaget for en ulveforvaltning i tråd med ulveforliket.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet har merket seg at Borgarting lagmannsrett i ankesak mellom WWF og Staten i dom av 29. januar 2020 har gitt WWF medhold i at vedtak om fellingsløyve i 2017 for ulveflokkene «Julussa» og «Osdalen» var ugyldig.

Lagmannsrettens flertall mener, under en viss tvil, at forvaltningen og departementet i klagebehandlingen ikke har foretatt en tilstrekkelig konkret og reell vurdering etter naturmangfoldloven § 18 c av de hensyn som begrunnet felling. Disse medlemmer viser til at dommen ikke er rettskraftig, og at hjemmelsgrunnlaget i § 18 c ikke er endelig avklart.

Disse medlemmer merker seg imidlertid at lagmannsrettens flertall mener at § 18 c er utpreget skjønsmessig, og forutsetter en avveining av samfunnsmessige hensyn av politisk karakter. Disse medlemmer merker seg også at lagmannsrettens flertall er av den oppfatning at de hensyn som komiteen i Innst. 257 L (2016–2017) la til grunn at er omfattet av § 18 c, er lovlige.

Disse medlemmer viser til at rovviltforlikene fra 2004 og 2011 bygger på en todelt målsetting, og at det med det skal sikres bærekraftige bestander av de store rovviltartene samtidig som det skal legges til rette for en fortsatt aktiv og allsidig bruk av utmarksressursene og levende lokalsamfunn. Disse medlemmer understreker at dette innebærer at det må føres en rovviltpolitikk som reduserer rovviltskadene, demper konflik-

ter og motvirker utrygghet for dem som er mest berørt. Disse medlemmer ser at norsk rovviltpolitikk de siste årene har båret preg av å prioritere den første delen av den todelte målsettingen, på bekostning av en aktiv beitepolitikk, og at dette berører mange – både lokalsamfunn, næringsutøvere og enkeltpersoner/familier. Disse medlemmer vil understreke at dette svekker den helhetlige rovviltpolitikken legitimitet.

Disse medlemmer viser til behandlingen av Meld. St. 21 (2015–2016) Ulv i norsk natur, jf. Innst. 330 S (2015–2016), og vedtak om bestandsmål for ulv og ulvesone. Her vedtok Stortinget et norsk bestandsmål på 4–6 ynglinger per år, hvorav tre skulle være helnorske ynglinger, mens ynglinger i grenserevir skulle telle med tilsvarende en faktor på 0,5.

Disse medlemmer viser til at det i dag er åtte ynglende ulveflokker i ulvesonen, og at det i tillegg er registrert 7,5 revirhevdende par som ikke hadde valper i 2019. De eneste ulvene som er felt innenfor sonen, er det skadde og sterkt reduserte Slettåsparet, som ble tatt ut vinteren 2019, og ulvene i Letjenja. Det er etter disse medlemmers syn ingen tvil om at dagens bestandsmål for ulv nok et år er overskredet med bred margin.

Disse medlemmer vil påpeke at klima- og miljøministeren i forkant av årets lisensjakt igjen har bidratt til at ulvesonen fremstår som et ulvereservat. Rovviltnemndene i region 4 og 5 hadde innstilt på at tre flokker innenfor ulvesonen skulle tas ut, men statsråden tillot bare uttak i reviret Letjenja. De to andre flokkene som rovviltnemndene hadde innstilt på uttak i, nemlig revirene i Mangen (Akershus/Hedmark) og Rømskog (Akershus/Østfold), ble vernet. Disse medlemmer mener videre det er svært kritikkverdigg at regjeringen først kommer med et vedtak som overprøver rovviltnemndene, 12 timer før jakta skulle starte (31. januar 2019). På den måten trenerer regjeringen arbeidet til rovviltnemndene og bidrar etter disse medlemmers syn ikke til å dempe konfliktnivået rundt rovdyrpolitikken.

Rovviltnemndene har hvert år vedtatt kvoter for lisensfelling som er store nok til at Stortingets bestandsmål skal kunne overholdes. Disse medlemmer mener det er under enhver kritikk at dagens regjering år etter år har overprøvd rovviltnemndenes vedtak. Dette har, slik disse medlemmer ser det, ført til at det ikke er tatt ut det antallet ulveflokker som skal til for å komme ned på bestandsmålet. Antall ulv er dermed bevisst holdt høyere enn det Stortinget har vedtatt, og disse medlemmer mener at det er en direkte årsak til et høyt konfliktnivå og manglende tillit til myndighetene på dette området.

Disse medlemmer viser til representantforslaget og mener lagmannsrettens dom ikke hindrer uttak i Mangen- og Rømskogreviret så lenge departementet har en tilstrekkelig konkret og reell begrunnelse for de

offentlige interessene av vesentlig betydning som ligger til grunn for fellingsløyvene.

Disse medlemmer vil nok en gang understreke at det skal være en høy terskel for å overprøve rovvilt-nemndenes vedtak. Naturmangfoldloven § 18 c er utpreget skjønnsmessig, og denne skjønnsmessige vurderingen skal i all hovedsak ligge til rovvilt-nemndene så fremt bestandsmålet for rovdyrarten er oppfylt.

Disse medlemmer viser til at både Bernkonvensjonen og naturmangfoldloven åpner for at Norge kan forvalte ulvebestanden i tråd med Stortingets bestandsmål, og at det således ikke er mulig å hevde at rovvilt-nemndenes vedtak strider mot lovverket eller internasjonale forpliktelser. Disse medlemmer understreker at manglende forvaltning av norsk ulvebestand under sittende regjering utelukkende bygger på politiske vurderinger, selv om regjeringen gjentatte ganger har forsøkt å skape et annet inntrykk.

På denne bakgrunn fremmer komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen umiddelbart følge opp rovvilt-nemndenes vedtak om å gi lisensfelling på ulvene i revirene i Mangel og Rømskog, slik at fellingen kan skje i inneværende lisensfellingsperiode. Lisensfellingsperioden forlenges hvis det er nødvendig, slik at de nevnte ulveflokkene blir tatt ut.»

Medlemene i komiteen frå Høgre, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne merkar seg at Arbeidarpartiet og Senterpartiet vil setje i gang lovprosessar for å sikre lovheimel til å følgje opp rovdyrforlika og spesielt fleirtalsvedtaket om ulv frå 2016 allereie medan ankesaka om fellingsgrunnlaget for to ulveflokkar i 2017 er til handsaming i rettsapparatet. Desse medlemene meiner det no er viktig at lagmannsretten sin dom blir vurdert av Høgsterett før ein eventuelt gjer ytterlegare politiske grep frå Stortinget si side om dei temaa som retten har til vurdering.

Desse medlemene syner til at statsråden i sitt supplerande svarbrev datert 11. februar 2020 har kommentert dei forslaga som har kome fram i saka, i tillegg til forslaga i det opprinnelege representantforslaget. Svarbrevet er lagt ved innstillinga.

Desse medlemene meiner forslaga som er blitt sett fram i løpet av handsaminga av representantforslaget, vil skape endå meir uvisse om heimelsgrunnlaget og føringane i rovviltpolitikken, fordi dei kompliserer rettskjeldebiletet ytterlegare medan dette blir prøvd i rettsapparatet. Den rettsleg uavklarte situasjonen gjer arbeidet i rovvilt-nemndene vanskelegare også inn mot førebuinga til jakta neste vinter. Ytterlegare endringar i føresetnadene vil vanskeleggjere dette endå meir.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne, merkar seg at Senterpartiet i sine merknader hevdar at lagmannsretten sin dom ikkje hindrar uttak av Mangel- og Rømskogrevira. Fleirtalet vil påpeike at lagmannsretten sin dom i stor grad handlar om kriteria i naturmangfaldslova § 18. Fleirtalet deler statsråden si vurdering slik ho kjem til uttrykk i tilleggsbrevet datert 11. februar 2020. I eit slikt høve hamnar ein i ein situasjon der retten kan gje eit søksmål oppsettande verknad i lys av den pågåande rettshandsaminga av ei «lovsmessig beslekta» sak. Slikt søksmål er allereie varsla av organisasjonar.

Fleirtalet vil understreke at komiteen har vore villig og har ønskt å legge til rette for ei rask handsaming av saka, nettopp fordi framlegget i representantforslaget omhandla lisensjakta denne vinteren. Ei så rask handsaming som komiteen fyrst hadde lagt opp til, vart likevel ikkje forsvarleg, sidan det kom inn framlegg som gjekk langt utanfor spørsmålet om fellingsløyva i årets lisensjakt.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til svarene fra statsråd Sveinung Rotevatn datert 11. februar 2020. For disse medlemmer er det avgjørende at endringer i naturmangfoldloven eller en utvidet fortolkning av ulveforliket er innrettet og utarbeidet slik at de reelt kan endre forvaltningen over tid. Det er etter disse medlemmers syn derfor avgjørende at en slik endring skjer gjennom et grundig lovarbeid, slik at både rovvilt-nemndene, regjeringen og i siste instans også domstolene kan tillegge Stortingets vurderinger avgjørende vekt.

Disse medlemmer oppfatter forslagene som både Arbeiderpartiet og Senterpartiet nå fremmer, som utilfredsstillende for å kunne gi en varig og bedret forvaltning av Stortingets vedtatte bestandsmål. Forslagene har etter disse medlemmers syn et klart preg av etterarbeid til naturmangfoldloven, der domstolene åpenbart vil tillegge et forarbeid til loven vesentlig større vekt.

For disse medlemmer er det avgjørende at når Stortinget gjør endringer som i større grad gir rom for å holde bestandsmålet som er fastsatt i ulveforliket, må det skje på en måte som gir en effektiv forvaltning fremfor grunnlag for at nye fellingsvedtak vil føres for domstolene i stadig økende grad.

På denne bakgrunn vil disse medlemmer stemme imot forslagene fra Arbeiderpartiet og Senterpartiet. Disse medlemmer vil på et senere tidspunkt komme tilbake med forslag til endringer som muliggjør en effektiv forvaltning av ulvebestanden i tråd med bestandsmålet. Disse medlemmer tar sikte på at et

slikt arbeid må ferdigstilles før behandlingen i rovvilt-nemndene forut for beitesesongen 2020–2021.

Komiteens medlemmer fra Senterpartiet merker seg at Høyre, Venstre og Kristelig Folkeparti nok en gang forpurrer en ulveforvaltning i tråd med rovviltnemndenes vedtak og Stortingets bestandsmål. Dette har regjeringen nå greid å gjøre i flere år og under vekslende statsråder, og da gjennomgående med Fremskrittspartiets støtte.

Disse medlemmer mener at regjeringens argumentasjon denne vinteren er fundert på en ikke-rettskraftig dom som ble avsagt under dissens, hvor tingretten hadde kommet til et annet resultat enn lagretten, og hvor regjeringen prisverdig nok har anket dommen. Disse medlemmer presiserer videre at dommen i Borgarting lagmannsrett ikke eksplisitt legger til grunn at det ikke kan gis fellingstillatelser for å ta ut ulveflokker i tråd med Stortingets bestandsmål, men at departementet ikke hadde begrunnet sitt vedtak om uttak i Julussa- og Osdalenrevirene i 2017 tilstrekkelig. Disse medlemmer er av den klare oppfatning at denne juridiske komplikasjonen på ingen måte synes uoverstigelig, og at den derfor ikke under noen omstendighet kan brukes til å begrunne en avblåsning av ulvejakta i Mangen og Rømskog denne vinteren.

Disse medlemmer vil klargjøre at de vurderer dette som en avledning som knapt kan skjule at denne saken handler om at klima- og miljøministeren fra Venstre vil gjøre sitt ytterste for å sette til side en ulveforvaltning i tråd med Stortingets demokratisk fattede vedtak om bestandsmål, og videre at regjeringen Solberg i hele sin levetid (2013–2020) har sluttet opp om Venstres rovviltpolitikk, selv om det er betydelige motkrefter både i Høyre og Kristelig Folkeparti.

Disse medlemmer stiller seg meget undrende til at Fremskrittspartiet aksepterer dette i en situasjon hvor partiet har forlatt regjeringen og nå gjentatte ganger har hevdet at Fremskrittsparti-representantene vil stemme i tråd med sitt primærstandpunkt. Disse medlemmer merker seg imidlertid at Fremskrittspartiet vegrer seg for å bidra til at ulveflokkene i Mangen og Rømskog blir tatt ut denne vinteren, og at dette neppe kan beskrives som en «oppryddingsaksjon» i rovviltpolitikken.

Komiteens medlemmer fra Sosialistisk Venstreparti og Miljøpartiet De Grønne viser til at naturmangfoldloven ble vedtatt med det formål å ivareta naturens biologiske mangfold. Disse medlemmer viser til at lovverket er etablert for å beskytte naturen og livsgrunnlaget vårt, og at slik loven er formulert, gjenspeiler den også Norges folkerettslige forpliktelser under Bernkonvensjonen.

Disse medlemmer viser til at de store rovdirene har en viktig funksjon som regulatorer i økosystemene. Rovdyrene bidrar til å regulere bestandene av byttedyr ved å ta ut de syke og svake dyrene, slik at de sterkeste dyrene får videreført sine gener. Dette er en økosystemtjeneste som kan ha stor samfunnsverdi for eksempel i tider med sykdomsutbrudd, slik vi nå ser med tilfeller av skrantesjuka i villreinbestanden i Nordfjella.

Disse medlemmer vil likevel peke på at ulven ikke bare har hjortevilt på menyen. Den tar også arter som bever og rødrev. Bestandene av disse artene ønsker hhv. skogbruksinteressene og jegerinteressene å holde nede.

Disse medlemmer viser til at den norske ulven har vært totalfredet siden 1973, og at alt uttak i utgangspunktet er forbudt. Disse medlemmer viser til at ulven er inkludert i Bernkonvensjonens Appendix II, noe som medfører at den er en særskilt vernet art. Ulven er i dag kategorisert som kritisk truet, med svært høy fare for utryddelse på Norsk rødliste for arter. Disse medlemmer mener at hovedformålet med forvaltningen av ulv i Norge må være å løfte ulvens status fra kritisk truet til livskraftig i tråd med forvaltningsmålet som er fastsatt i naturmangfoldloven § 5, som sier:

«Målet er at artene og deres genetiske mangfold ivaretas på lang sikt og at artene forekommer i levedyktige bestander i sine naturlige utbredelsesområder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ivaretas også artenes økologiske funksjonsområder og de øvrige økologiske betingelsene som de er avhengige av.»

Disse medlemmer ønsker å understreke at naturmangfoldlovens formål om å ivareta biologisk mangfold, og lovens forvaltningsmål for arter om å sikre en levedyktig bestand på lang sikt, må være ivaretatt før man ser på en endring av § 18.

Disse medlemmer ønsker å understreke at hastige lovendringer uten tilstrekkelig kunnskapsgrunnlag kan bidra til å undergrave tilliten til lovverk og forvaltning og skape en uheldig presedens for fremtidig forvaltning av kritisk truede arter og sårbar natur.

Disse medlemmer vil påpeke at det knapt er noe sted i verden vi har bedre kunnskaper om rovdyra våre, og ikke minst ulven, enn i Skandinavia. Det norsk-svenske forskningsprosjektet Skandulv har fulgt bestanden i en årrekke, både når det gjelder slektskap, genetik, økologi og vandringsmønster. Kunnskapen herfra forteller at et ulvepar som er etablert og får valper, har revir på fra ca. 500 til nesten 2 000 kvadratkilometer. De er selv den sterkeste garantist for at ingen andre par får etablere seg innenfor deres revir.

Dessuten er det entydige resultater som viser at ulvevalper født på norsk side, i ulvesonen, i over 90 pst. av tilfellene vandrer østover og inn i de sentrale ulveområ-

dene i Sverige. Det er overveiende unge ulver fra Sverige som kommer vandrende vestover, og som er årsaken til større tap av sau utenfor ulvesonen vår.

Disse medlemmer vil understreke at bestandsmålet som ble satt av stortingsflertallet i forbindelse med behandlingen av Meld. St. 21 (2015–2016) Ulv i norsk natur, ikke kan tolkes som et maksimumsmål all den tid det ikke er gjort noen gjennomgang basert på vitenskapelige og økologiske krav til hva som vil utgjøre en livskraftig bestand av ulv i Norge, slik Bernkonvensjonen artikkel 2 krever. Disse medlemmer vil også minne om at da bestandsmålet ble innført i det første rovviltforliket (Meld. St. 15 (2003–2004)), var hensikten at bestandsmålet skulle fungere som et minimumsmål – slik det også praktiseres i andre land som benytter seg av bestandsmål i forvaltningen.

Forslag frå mindretal

Forslag frå Arbeidarpartiet og Senterpartiet:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringen sørge for å utrede et system for at forvaltningen kan følge med i utviklingen i alle etablerte ulverevir, samt de samfunnsmessige konsekvenser av disse, slik at all nødvendig dokumentasjon forefinnes som grunnlag for rovviltnemndenes vedtak.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringen sette en frist for når departementets klagebehandling bør være avsluttet, slik at klagebehandlingen er avsluttet senest én måned før jaktstart.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringen umiddelbart følge opp rovviltnemndenes vedtak om å gi lisensfelling på ulvene i revirene i Mangen og Rømskog, slik at fellingen kan skje i inneværende lisensfellingsperiode. Lisensfellingsperioden forlenges hvis det er nødvendig, slik at de nevnte ulveflokkene blir tatt ut.

Forslag frå Senterpartiet:

Forslag 4

Stortinget ber regjeringen sørge for at rovviltnemndenes struktur skal ligge fast, og at forslaget om å flytte den endelige beslutningsmakten i klagesaker på rovviltfeltet til en uavhengig, nasjonal klagenemnd legges bort.

Forslag 5

Stortinget ber regjeringen bruke høy innavlsgrad som et selvstendig kriterium for uttak av ulv og at adgangen til å skjerme ulv fra forvaltning på grunn av «genetisk viktighet» strammes kraftig inn.

Forslag 6

Stortinget ber regjeringen se på muligheten for endring i rovviltforskriften med tanke på ordinær kvotejakt på ulv når bestandsmålet er nådd og stammen er levedyktig.

Forslag 7

Stortinget ber regjeringen endre bestandsmålet for ulv slik at enkeltindivider, par og familiegrupper av ulv som ikke har ynglet, inkluderes, slik at det samlede predasjonstrykket kommer fram og det settes et tak.

Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet, Sosialistisk Venstreparti, Venstre, Kristeleg Folkeparti og Miljøpartiet Dei Grøne.

Komiteen viser til representantforslaget og til det som står ovanfor, og rår Stortinget til å gjere slikt

vedtak:

Dokument 8:41 S (2019–2020) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Sandra Borch, Trygve Slagsvold Vedum, Sigbjørn Gjelsvik, Ole André Myhrvold og Emilie Enger Mehl om lisensfelling i ulvesonen, nærmere bestemt revirene i Mangen og Rømskog – vert ikkje vedteke.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen 13. februar 2020

Ketil Kjenseth

leiar

Tore Storehaug

ordførar



**DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT**

Statsråden

Energi og miljøkomiteen Stortinget
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref	Vår ref	Dato
MH/imv	19/3029-	28. januar 2020

Svar på representantforslag 41 S (2019-2020) om lisensfelling i ulvesona, nærare bestemt revira i Mangen og Rømskog

Eg viser til brev av 22. januar 2020 frå Energi- og miljøkomiteen som gjeld representantforslag 41 S (2019-2020) om lisensfelling i ulvesona, nærare bestemt revira i Mangen og Rømskog.

Representantforslaget som er fremja lyd:

"Stortinget ber regjeringa umiddelbart følge opp rovviltnemndenes vedtak om å gi lisensfelling på ulvene i revirene Mangen og Rømskog, slik at felling kan skje i inneværende lisensfellingsperiode. Lisensfellingsperioden forlenges hvis det er nødvendig, slik at de nevnte ulveflokkene blir tatt ut."

Eg vil innleiingsvis understreke at regjeringa følgjer opp Bernkonvensjonen, naturmangfaldlova og andre vedtak og føringar frå Stortinget, inkludert rovviltforlika frå 2004 og 2011, fleirtalsvedtaket om ulv i 2016 og fleirtalsmerknadene i Innst. 257 L (2016-2017).

Eg meiner det vil vere uheldig om Stortinget skal gå inn i ei enkeltsak og instruere regjeringa, slik dei som har fremja forslaget her ber om. For å kunne treffe eit gyldig enkeltvedtak, er det både materielle og prosessuelle rammer for sakshandsaminga. Forvaltninga har mellom anna ei plikt til å sørge for at saka skal vere so godt opplyst som mogeleg før ei avgjerd vert fatta, lova stiller krav til grunngevinga, og det er rammer for kva for omsyn ein lovleg kan legge vekt på. Dersom Stortinget skal gå inn i enkeltsaker gjennom oppmodingsvedtak, vil desse krava til sakshandsaming vere vanskelegare å vareta. Det vil også medføre ei uklar ansvarsdeling mellom lovgjevande og utøvande makt.

Nærare om lisensfellingsvedtaket av 31. desember 2019

Ulven er ein kritisk truga og freda art, og vedtak om uttak må vere i tråd med dei rettslege rammene som fylgjer av mellom anna Bernkonvensjonen og naturmangfaldlova.

Regjeringa opna i førre lisensfellingsperiode (vinteren 2018-2019) for uttak av 32 ulvar utanfor og tre ulvar innanfor ulvesona. I denne samanheng vil eg vise til at ulvebestanden i Noreg, medrekna halvparten av ynglingar i grenserevir, frå vinteren 2017-2018 til vinteren 2018-2019 vart redusert frå 10,5 til 8 ynglingar. Talet på norske ulvar, der halvparten av individa i grenserevir er rekna med og døde ulvar ikkje er trekt frå, vart redusert frå 92-94 til 84-87 i same periode. For inneverande lisensfellingsperiode (vinteren 2019-2020) heldt Klima- og miljødepartementet alle lisensfellingskvotane på ulv utanfor ulvesona ved lag, det vil si at det vart gjeve ei samla kvote på 26 ulvar utanfor ulvesona. Innanfor ulvesona vart rovviltneamdene sitt vedtak om felling av Letjennaflokken halde ved lag. Det inneber at det vart opna for uttak av seks ulvar innanfor ulvesona for inneverande fellingsperiode. For Mangen- og Rømskogrevira var departementet si vurdering at det, ut frå opplysningane på tidspunktet for vedtaket, ikkje var grunnlag i lovverket for å felle desse to revira.

Med bakgrunn i at det innanfor ulvesona ikkje ligg føre eit tilstrekkelig skadepotensial knytt til husdyr, tamrein eller anna som oppfyller krava i naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav b, vart naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c, om at uttak kan tillatast for å vareta "*allmenne helse- og sikkerhetshensyn eller andre offentleg interessar av vesentleg betydning*", vurdert som heimelsgrunnlag. Særleg alternativet om "*andre offentlege interessar av vesentleg betydning*" opnar for skjønsmessige vurderingar. Dette er derimot ikkje det same som at vurderingar om uttak av ulv er reine politiske vurderingar.

Dei som har fremja forslaget skriv i si grunngjeving for forslaget mellom anna at "(...) både Bernkonvensjonen og naturmangfoldloven åpner for at Norge kan forvalte ulvebestanden i tråd med stortingets bestandsmål, og at det således ikke er mulig å hevde at nemndenes vedtak strider mot lovverket eller internasjonale forpliktelser." Dette er etter mi vurdering ikkje ei riktig beskriving av heimelsgrunnlaget. Bernkonvensjonen og naturmangfaldlova opnar for at ulvebestanden kan forvaltaast i tråd med bestandsmålet, under føresetnad av at vilkåra i naturmangfaldlova § 18 fyrste og andre ledd er oppfylt. Dersom vilkåra ikkje er oppfylt, kan det ikkje tillatast uttak av ulv, uavhengig av om vi ligg over bestandsmålet eller ikkje. At vi ikkje kan styre etter bestandsmålet uavhengig av vilkåra i lovverket vart understreka av Justisdepartementet si Lovavdeling i deira uttale datert 15. desember 2016.

Sjølv om talet på ynglingar av ulv isolert sett ikkje kan gje heimel for felling, inngår dette talet i den meir skjønsmessige vurderinga av om naturmangfaldlova sine vilkår er oppfylt. Fleirtalet i Energi- og miljøkomiteen understreka i Innst. 257 L (2016–2017) at "*den interesseavveiningen som må gjøres i henhold til naturmangfoldloven § 18 første ledd bokstav c, skal være av dynamisk karakter*". Fleirtalet presiserte at dette inneber at i periodar der bestanden er over bestandsmålet, skal terskelen for når vilkåra for felling for å vareta offentlege interessar er oppfylt senkast. Det fylgjer av prinsippet om ei geografisk differensiert forvaltning at terskelen for felling skal vere høgare innanfor ulvesona enn utanfor. Stortinget har fleire gonger understreka viktigheita av dette prinsippet. Den dynamiske forvaltninga inneber at denne terskelen vert senka når vi no ligg over

bestandsmålet, men uttak av ulv innanfor ulvesona skal framleis vurderast etter ein høgare terskel enn utanfor. I klageavgjerda av 31. desember 2019 er dette, i tråd med uttalene frå fleirtalet i Stortinget, lagt til grunn.

I Innst. 257 L (2016–2017) har Stortinget understreka at dersom ulvebestanden verkar negativt på den distriktpolitiske målsettinga om å oppretthalde ein spreidd busetnad i Noreg, kan det gje heimel for uttak etter naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c.

Distriktpolitiske omsyn er dermed ei offentleg interesse av vesentleg betydning som kan gje heimel for felling av ulv. Desse føringane står heilt sentralt i klageavgjerda av 31. desember 2019. I klageavgjerda vart ulven sin påverknad på beitenæring, jakt, lokalbefolkninga sin tryggleik og psykososiale tilhøve vurdert. I tillegg vart ein reduksjon av konfliktnivået knytt til ulvebestanden vurdert å vere ei interesse som omfattast av distriktpolitiske omsyn. Innst. 257 L (2016–2017) utgjorde også ein sentral del av grunnlaget for vurderinga i klageavgjerda der rovviltnemndene sitt vedtak om felling av Slettåsflokken innanfor ulvesona i fellingsperioden 2018-2019 vart halde ved lag.

I dei nemnde fleirtalsmerknadene har Stortinget vidare understreka at det i avveginga av interessene etter naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c skal gjerast ei konkret vurdering i det enkelte tilfelle. Stortinget understreka også at det må vere "*overveiende sannsynlig at ulvebestanden virker negativt inn på nasjonale distriktpolitiske hensyn dersom uttak skal tillates*". For Letjennareviret fekk departementet, gjennom sekretariata si innstilling og rovviltnemndene si grunngjeving av sitt vedtak, opplysningar om konkrete tilhøve som er relevante for ei vurdering etter naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c. Departementet har vurdert at dei ulike omsyna knytt til Letjennareviret samla sett, og med vekt på omsynet til konfliktdemping og å sikre tilliten til rovviltforvaltninga, er av ein slik karakter at det er heimel i naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c for felling av dette reviret.


For Mangen- og Rømskogrevira har nemndene ikkje føreteke den konkrete drøftinga som stortingsfleirtalet stilte krav om i Innst. 257 L (2016-2017). Nemndene har heller ikkje drøfta vilkåret i lova (naturmangfaldlova § 18 andre ledd) om at formålet som fellinga har til hensikt å oppnå, ikkje kan bli nådd på annan tilfredsstillande måte. Fordi nemndene i liten grad grunngav si opphavelige avgjerd kva gjeld Mangen- og Rømskogreviret, bad departementet om ei utdjupa grunngjeving 6. desember 2019. Departementet påpeika også den manglande drøftinga av naturmangfaldlova § 18 andre ledd. I sitt svar datert 12. desember 2019 heldt nemndene sitt vedtak ved lag utan å gje ei nærare grunngjeving, og utan å drøfte naturmangfaldlova § 18 andre ledd. For Mangen- og Rømskogrevira har det difor etter departementet si vurdering ikkje kome fram opplysningar som er av ein slik karakter at vilkåret om "*offentlige interesser av vesentlig betydning*" er oppfylt.

Når det gjeld Rømskogreviret understrekar eg at dette er eit grenserevir. Det gjeld eigne prosedyrar når styresmakta skal vurdere felling av revir som held til på begge sider av grensa mellom Noreg og Sverige, og svenske styresmakter har vore tydelege på at dei ikkje ynskjer felling av ulvane i Rømskogreviret. Dette innspelet vart vektlagt i vurderingane knytt til dette reviret.

Eg vil framheve at Borgarting lagmannsrett i desember 2019 handsama ei anke i ei sak som gjeld Klima- og miljødepartementet sitt vedtak frå 2017 om lisensfelling av Julussa- og Osdalsrevira (revir med tilhald hovudsakeleg utanfor ulvesona). Det er forventa dom i saka innan utgangen av januar 2020. Dei vurderingane som fylgjer av ein rettskraftig dom vil bli lagt til grunn i den vidare i forvaltninga av ulv.

Eg meiner det av dyreetiske omsyn ikkje er tilrådelig å forlenge lisensfellingsperioden innanfor ulvesona, verken for uttak av konkrete flokkar eller på generelt grunnlag. Lisensfellingsperioden innanfor ulvesona er frå 1. januar til og med 15. februar. Innanfor ulvesona vil det vere par og faste revir, og etter 15. februar startar perioden for ny paring. Dersom ei drektig ulvetispe mister hannen, vil ikkje tispa vere i stand til å forsørgje seg sjølv eller ungane etter fødsel. Det er dermed dyreetiske omsyn, som fylgjer av reine biologiske tilhøve, som er grunnen til at lisensfellingsperioden innanfor ulvesona sluttar 15. februar. Eg viser òg til at det nyleg er gjort ei vurdering av lengda på lisensfellingsperioden. Dette resulterte i ei endring av perioden utanfor ulvesona. Lisensfellingsperioden innanfor ulvesona vart ikkje endra.

Med helsing



Sveinung Rotevatn



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Energi og miljøkomiteen Stortinget
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref
19/3029-

Dato
31. januar 2020

Om Representantforslag 41 S

Eg viser til mitt brev 28. januar 2020. For å gje eit meir heilskapleg bilete av saka vil eg gjere merksam på at Borgarting lagmannsrett avsa ein dom 29. januar 2020 som i likskap med representantforslaget omhandlar fortolkninga av naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c. Dommen ligg vedlagt.

Dommen gjeld gyldigheita av tre vedtak om lisensfelling av ulv frå Klima- og miljødepartementet. Det er mi vurdering at Stortinget bør gjere seg kjent med dommen.

Dommen gjeld gyldigheita av tre vedtak:

- Klima- og miljødepartementet sitt klagevedtak av 1. desember 2017 om lisensfelling av inntil 12 ulvar utanfor revir og utanfor ulvesona i region 4 og 5 vinteren 2017/2018
- Klima- og miljødepartementet sitt klagevedtak av 1. desember 2017 om lisensfelling av Julussa- og Osdalsrevira vinteren 2017/2018
- Klima- og miljødepartementet si avgjerd av 7. februar 2018 om ekstraordinært uttak av ulv i Julussa- og Osdalsrevira

Borgarting lagmannsrett har i dommen funne at vedtaka av 1. desember 2017 og 7. februar 2018 om felling av ulvane i Julussa- og Osdalsrevira vinteren 2017/2018 er ugyldige. Ugyldigheita fylgjer av at fleirtalet i lagmannsretten vurderer at departementet har lagt til grunn ei uriktig forståing av naturmangfaldlova (nml.) § 18 fyrste ledd bokstav c om "*andre offentlige interesser av vesentlig betydning*". Dommen er treft under dissens (2-1). Ankefristen er éin månad frå dommen vart forkynt eller kunngjort. Dommen er derfor ikkje rettskraftig, og den rettslege situasjonen er ikkje endeleg avklara.

Fleirtalet i lagmannsretten legg i dommen til grunn at distriktspolitiske omsyn kan vere ei relevant offentlig interesse etter nml. § 18 fyrste ledd bokstav c, men uttaler at vi då er "*i randsonen av hva vilkåret kan omfatte*". Lagmannsretten framhevar vidare at det må gjerast ei konkret vurdering av om vilkåret i nml. § 18.1.c er oppfylt.

I dommen frå lagmannsretten s. 31 heiter det vidare at *"I de tre avgjørelsene er det lagt til grunn at «bestandens overlevelse» er et annet forhold enn Stortingets bestandsmål, og at vilkåret forutsetter en bredere vurdering av flere momenter. Lagmannsretten mener departementet her har lagt riktig lovforståelse til grunn."*

I den konkrete vurderinga av vedtakene om Julussa- og Osdalsrevira, kjem lagmannsretten til at departementet har gått utover grensene for kor vidt naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c kan tolkast, og skriv på s. 65 at *«Selv om departementet gjør et forsøk på å begrunne uttaket konkret, fremstår revirvedtaket som kun forankret i de generelle hensynene som ligger bak prinsippet om differensiert forvaltning.»*

Eg minner om at Julussa- og Osdalsrevira låg hovudsakleg utanfor ulvesona og vart derfor vurdert som om dei i sin heilskap låg utanfor ulvesona. Det inneber at den lågare terskelen for å rekne vilkåra for felling som oppfylt, som gjeld utanfor ulvesona, vart lagt til grunn i vedtaket. Mangen- og Rømskogrevira ligg på si side innanfor ulvesona, og terskelen for å felle desse revira er derfor høgare enn det terskelen var for felling av Julussa- og Osdalsrevira. I tillegg vil eg påpeike at Rømskogreviret er eit grenserevir.

Dommen frå lagmannsretten er ikkje rettskraftig, og gjeld heller ikkje gyldigheita av Klima- og miljødepartementet sitt vedtak av 31. desember 2019. Saman med staten sin prosessfullmektige vil eg no vurdere dommen nøye. Eg meiner likevel at Stortinget i si vurdering av representantforslag 41 S (2019-2020) må gjere seg kjent med dommen. Retten ser ut til å ha lagt til grunn ein høgare terskel for når det er heimel for felling etter naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c enn departementet har gjort i sine vedtak.

Med helsing


Sveinung Rotevatn

Vedlegg: 1

VEDLEGG 3



DET KONGELIGE KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Energi og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

19/3029-

11. februar 2020

Svar vedr. representantforslag 41 S (2019-2020) om lisensfelling i ulvesonen, nærmere bestemt revirene i Mangen og Rømskog

Eg viser til brev frå Energi- og miljøkomiteen 6. februar 2020 om framlegg i samanheng med handsaminga av Dokument 8:S (2019-2020) .

Innleiingsvis vil eg understreke at framlegga Energi- og miljøkomiteen ynskjer kommentarar til er omfattande og at det vil krevje tid å legge fram eit slik arbeid for Stortinget. Fleire av framlegga går inn på rettslege vurderingar etter naturmangfaldlova og Noregs internasjonale plikter etter Bernkonvensjonen. Eg finn det ikkje forsvarleg å svare detaljert på dette med den svarfristen eg fekk til rådighet. Vidare er ei rekke av framlegga av slik karakter at eg meiner det krev omfattande og nye faglege og juridiske vurderingar. Dette gjeld til dømes framlegget om endring av fellingsregimer, endring av bestandsmål for ulv og avfreding av ulv. Fleire av framlegga kan samstundes krevje endring i lov og forskrift.

Overordna vil eg òg vise til at fleire av framlegga relativt nyleg er grundig greidd ut og lagt fram for Stortinget i Meld. St. 21 (2015-2016) *Ulv i norsk natur* og Prop. 63 L (2016-2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)*. Mellom anna er kunnskapsgrunnlaget, dei juridiske rammene, vurdering av ulike formar for bestandsmål, den genetiske situasjonen og ulike fellingsregimer gjort grundig greie for. Ved handsaminga av desse sakene har altså Stortinget tidlegare teke stilling til fleire av dei framlegga som går fram av brevet frå komiteen av 6. februar 2020.

Under fylgjer nokre foreløpige vurderingar knytt til framlegga Energi- og miljøkomiteen viser til i brev av 6. februar 2020. Eg understrekar igjen at dette berre er foreløpige kommentarar på framlegg eg meiner krev langt meir tid og ei større utgreiing å svare på.

1. Stortinget ber regjeringen umiddelbart iverksette nødvendige tiltak for å sikre at stortingets vedtatte bestandsmål på 4-6 ynglinger pr år, hvorav minimum 3 ynglinger skal være helnorske og grenserevirene skal telle 0,5, oppfylles. Det presiseres at regional forvaltning skal ha myndighet til å fatte vedtak om felling når bestanden av ulv er innenfor bestandsmålet. Bestandsmålet må forstås som både et minimums- og et maksimumsmål, og det er forvaltningens plikt å forvalte bestanden i tråd med bestandsmålet.

Eg vil i denne sammenhengen vise til at regjeringa greidde ut ei liknande bestilling i Prop 63 L (2016-2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)* etter vedtak frå Stortinget 31. januar 2017. I proposisjonen vart mellom anna vurderingar av handlingsrommet etter naturmangfoldlova og Bernkonvensjonen kva gjeld felling av ulv handsama. Regjeringa føreslo endring i naturmangfoldlova ved å innlemme Bernkonvensjonen artikkel 9 fyrste ledd siste strekpunkt i naturmangfoldlova. Stortinget vedtok ikkje forslaget.

Vidare vil eg vise til at forholdet mellom bestandsmålet og handlingsrommet for felling etter naturmangfoldlova og Bernkonvensjonen er grundig vurdert i klageavgjerder om lisensfelling av ulv. Ved handsaminga av klager på vedtak om lisensfelling av ulv vinteren 2016-2017, bad departementet òg om ei vurdering frå Lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet omkring desse spørsmåla. I brev av 15. desember 2016 kom Lovavdelinga mellom anna med fylgjande vurdering (mi understreking):

"Forvaltningen av ulvestammen må skje innenfor de rammer naturmangfoldloven og Bernkonvensjonen stiller opp. Innenfor disse rammer skal forvaltningen styre etter de retningslinjer som er trukket opp, især bestandsmålet. Det materialet vi er tilsendt, belyser godt forholdet mellom den aktuelle lisensfelling og bestandsmålet. Bernkonvensjonen tillater imidlertid ikke at en styrer etter et bestandsmål uavhengig av konvensjonens vilkår for felling. (...)."

Vidare konkluderer Lovavdelinga i same brev at (mi understreking):

"Det materialet som er stilt til Lovavdelingens disposisjon, gir ikke grunnlag for å konstatere at vilkårene for felling av ulv er oppfylt i de aktuelle tilfellene. Det er klart når det gjelder vilkårene etter Bernkonvensjonen artikkel 9. Det er ikke så klart når det gjelder naturmangfoldloven § 18. En eventuell internrettslig adgang til å tillate felling fritar imidlertid uansett ikke Norge fra de folkerettslige forpliktelsene etter Bernkonvensjonen."

Forvaltninga av ulv, som forvaltninga av dei andre roviltartane, skal utførast slik at vi ligg so nær bestandsmåla som mogeleg. Eg vil understreke at all forvaltning av ulv dei seinare åra har handla om å forvalte bestanden i tråd med bestandsmålet, men samstundes innanfor dei juridiske rammene som fylgjer av naturmangfoldlova og Bernkonvensjonen. Per i dag er vurderinga at det ikkje er handlingsrom i naturmangfoldlova og Bernkonvensjonen til å forvalte ulv på den måten eg oppfattar komiteen ynskjer i sitt forslag. Verken

naturmangfaldlova eller Bernkonvensjonen opnar for at ein utelukkande kan styre etter bestandsmål.

Trass i at det ikkje ligg føre rettskraftig dom, vil eg òg vise til at Borgarting lagmannsrett nyleg har avsagt ein dom om lisensfelling av ulv. Som eg har påpeika i tidlegare brev til Energi- og miljøkomiteen i denne saka, vil eg oppmode komiteen om å setje seg inn i dommens innhald.

2. *Stortinget viser til Innst. 257 L (2016-2017) og understreker Stortingets omtale av distriktpolitiske hensyn som vilkår etter § 18 første ledd bokstav c skal tillegges vesentlig betydning når bestandsmålet er nådd. Stortinget fastholder at distriktpolitiske hensyn i bred forstand åpenbart er å anse som "offentlige interesser av vesentlig betydning", jf. Naturmangfoldsloven § 18 bokstav c.*

Naturmangfaldlova § 18 fyrste ledd bokstav c, og dei distriktpolitiske omsyna, er lagt vesentleg vekt på i avgjerder frå departementet om lisensfelling av ulv i område med avgrensa skadepotensial på beitedyr. Det gjeld alle avgjerder om felling av ulveflokkar dei tre siste åra.

Trass i at det ikkje føreligg ein rettskraftig dom, vil eg i denne samanheng gjere merksam på dommen frå Borgarting lagmannsrett av 29. januar 2020, som kom fram til at grunngevinga med bruk av § 18 første ledd bokstav c ikkje var gyldig ved felling av revira i Osdalen og Julussa vinteren 2017-2018. Begge revira hadde tilhald utanfor ulvesona der terskelen er lågare for å kunne tillate felling enn for revir innanfor ulvesona. Vidare har lagmannsretten òg gjort vurderingar av kva for terskel ein kan leggja til grunn om bestanden er over eller under bestandsmålet. Langmannsretten skriv mellom anna:

"Lovens system innebærer derfor at terskelen for felling etter bokstav c ikkje kan være "lavere" i perioder der bestanden er over bestandsmålet. Dette gjelder selv om komiteflertallet har uttalt noe lignende i Innst. 257 L (2016-2017) på side 10."

Eg har bestemt at saka vil bli anka til Høgsterett, men inntil det føreligg ein rettskraftig dom om bruken av § 18 første ledd bokstav c, meiner eg det er grunn til ikkje ytterlegare å utfordre handlingsrommet i lova.

3. *Stortinget ber regjeringen sørge for å utrede et system for at forvaltningen kan følge med i utviklingen i alle etablerte ulverevir, samt de samfunnsmessige konsekvenser av disse, slik at all nødvendig dokumentasjon forefinnes som grunnlag for rovviltnemndenes vedtak.*

Eg er open for at det kan vere område vi bør få endå meir og betre kunnskap om når det gjeld ulven sin påverknad på "offentlige interesser av vesentlig betydning". Eg har òg uttrykt

overfor ulike interesser at eg gjerne tek i mot forslag til kva for konkrete manglar ein ser og kva det konkret er ynskjeleg å få meir og betre kunnskap om.

Utover dette vil eg påpeike at det også i dag føreligg eit omfattande grunnlag for å gjere objektive vurderingar av utviklinga i etablerte ulverevir og dei samfunnsmessige konsekvensane av disse. Vi har eit av verdas beste overvakingsprogram for rovvilt og har sær sars god oversikt over talet på ynglingar, talet på individ, område med ulveaktivitet m.m. Vidare er omfanget av forskning og utgreiing stort, og det føreligg mellom anna kunnskap om folk sine haldningar, påverknad av ulv på elgstamma og kva for skader ulv gjer på husdyr og tamrein.

4. *Stortinget ber regjeringen sette en frist for når departementets klagebehandling bør vere avsluttet, slik at klagebehandlingen er avsluttet senest en måned før jaktstart.*

Regjeringa fylgjer i dag opp rovviltforliket som seier at avgjerder om felling skal ligge føre før saka mister sin aktualitet, altså før felling startar. Eg er samd i at det er ynskjeleg å få fatta vedtak i god tid før lisensfellinga startar, og eg har det, og tidlegare statsråd hadde det, som ei målsetjing.

Dersom ein skal ha eit system der klageavgjerder ligg føre seinast ein måned før lisensfellingsperioden startar, kan det få ulike konsekvensar. Mellom anna kan det gjere at ein ikkje kan ta omsyn til den sist oppdaterte kunnskapen om førekomst av ulv påvist på sporsnø i fyrste del av vinteren. Det vil òg kunne stille nye krav til tidspunkt for sakshandsaming i fyrste instans. Om slike krav til sakshandsaming skal innførast særskilt for ulv, meiner eg det fyrst må gjerast ei utgreiing av saka.

5. *Stortinget ber regjeringen sørge for at rovviltneemndenes struktur skal ligge fast, og at forslaget om å flytte den endelige beslutningsmakta i klagesaker på rovviltfeltet til en uavhengig, nasjonal klagenemnd legges bort.*

Eg viser til at det er Stortinget sjølv som gjennom rovviltforliket av 2011 vedtok at det skulle gjerast ei evaluering av den regionale rovviltforvaltninga og dei regionale bestandsmåla for rovvilt (punkt 2.1.9). Det er òg Stortinget som i fyrste hand har vedteke inndelinga i regionar og opprettinga av regionale rovviltneemnder. Eg har planlagt å leggje fram vurderingane og eventuelle forslag til endringar for Stortinget.

Når det gjeld oppretting av ei rovviltklagenemnd er dette ei sak som fylgjer av Granavolden-erklæringa. Ei eventuell endring til eit slikt klageinstitutt vil krevje lovendring. Forslag til lovendring har vore på alminneleg høyring. Regjeringa har ikkje teke endeleg stilling til om forslaget vil bli fremja, men i so fall vil det bli lagt fram for Stortinget på vanleg måte for nærare vurdering.

6. *Stortinget ber regjeringen bruke høy innavlsgrad som et selvstendig kriterium for uttak av ulv og at adgangen til å skjerme ulv fra forvaltning på grunn av "genetisk viktighet" strammes kraftig inn.*

Eg vil understreke at innavlsnivået i den skandinaviske ulvebestanden er ein alvorleg trussel mot bestanden si overleving på sikt. Årsaka er at bestanden er grunnlagt på svært få individ, og at storleiken på bestanden er liten. Slektskapet mellom ulvane i Skandinavia i dag svarar om lag til det ein finn mellom heilsøsken, og skal ein ta vare på bestanden for framtida må det skje ei regelmessig innvandring av ulv frå Finland/Russland.

Eg forstår at det kan oppstå ei viss usikkerheit kring forvaltninga av ulv ved at genetisk verdifulle ulvar kan bli verna særskilt. Samstundes er det avgjerande for overlevinga av bestanden at slike individ vert teke vare på. Å ta vare på genetisk verdifulle individ gjev ei moglegheit for at vi kan sikre overlevinga av bestanden på sikt med færrest moglege individ. Det er òg grunn til å gjere komiteen merksam på at svenske myndigheiter har sagt at om det ikkje lukkast å ta vare på genetisk verdifulle individ i stor nok grad vil det være naudsynt med minst 1700 ulvar i Skandinavia. Det vil gje heilt andre verknader også for beitenæring og andre interesser på norsk side. Eg meiner det er viktig å få fram god informasjon om genetisk verdifulle individ av ulv og kvifor det er viktig å ta vare på slike individ. Det kan gje ei auka forståing for problemstillinga kring innavl og forvaltning av små bestandar.

Vi har felles retningslinjer med Sverige om forvaltning av genetisk verdifulle ulvar i Skandinavia. Målet er, so langt det er mogleg, å unngå felling av slike ulvar, og desse retningslinjene ligg til grunn for norsk forvaltning av ulv, jf. Meld. St. 21 (2015-2016) *Ulv i norsk natur* s. 17.

7. *Stortinget ber regjeringen se på muligheten for å endre rovviltforskriften med tanke på ordinær kvotejakt på ulv når bestandsmålet er nådd og stammen er levedyktig.*

Forvaltninga av ulv, som forvaltninga av dei andre rovviltartane, skal utførast slik at vi ligg so nær bestandsmåla som mogleg. Eg vil understreke at forvaltning av ulv dei seinare åra har handla om å forvalte bestanden i tråd med bestandsmålet, men samstundes innanfor dei juridiske rammene som fylgjer av naturmangfaldlova og Bernkonvensjonen.

Når det gjeld det konkrete forslaget om å innføre kvotejakt på ulv, vil eg vise til at ulv er ein kritisk truga og freda art i Norge og etter Bernkonvensjonen. Det er ikkje anledning innanfor desse rammene til å definere ulv som ein jaktbar art.

8. *Stortinget ber regjeringen endre bestandsmålet for ulv slik at enkeltindivider, par og familiegrupper av ulv som ikkje har ynglet inkluderer, slik at samlede predasjonstrykket kommer fram og det settes et tak.*


Eg forstår forslaget slik at ein ynskjer eit bestandsmål basert på talet på individ og ikkje talet på ynglingar slik det er i dag. Eg viser til at spørsmåla om kva for form bestandsmålet skal ha vart utgreia i Meld. St. 21 (2015-2016) *Ulv i norsk natur*, og at Stortinget vedtok eit mål i ynglingar. I dette ligg sjølvsagt at andre måtar å setje mål for ulvebestanden er mogeleg, men det bør i so fall vurderast nærare før det vert endra. Endring av bestandsmålet vil òg krevje ei alminneleg høyring og endring i rovviltforskrifta.

Avslutningsvis ber Energi- og miljøkomiteen om ei vurdering av om det i lys av dommen 29. januar i Borgarting lagmannsrett vil vere ein risiko for ei prøving for retten som konkluderer med oppsettande verknad, og som i sin tur vil påverke om rovviltnemndene har høve til å vedta fellingsløyve vinteren 2020/2021.

I og med dommen i Borgarting lagmannsrett har nemndene ei utfordring når dei skal vurdere lisensfelling av ulv vinteren 2020/2021. Sjølv om nemndene i prinsippet står fritt til å fatte nye vedtak, knytt til situasjonen slik den ligg føre sumaren 2020, er vi no inne i ein rettsleg situasjon som skapar stor uvisse. Dersom Klima- og miljødepartementet får avklart tidspunktet for ei eventuell handsaming av ankesaka i Høgsterett, vil departementet gje nemndene nærare beskjed om når dei kan avgjere spørsmålet om lisensfelling komande vinter. Om det viser seg at ei eventuell avklaring i Høgsterett tek tid, vil Klima- og miljødepartementet uansett kome attende til nemndene om tidspunktet for sakshandsaminga.

Dagens situasjon er krevjande for nemndene. Den vil ikkje bli mindre krevjande dersom Stortinget skulle fatte vedtak som skapar ytterlegare tvil om kva som eigentleg gjeld, og som ytterlegare kompliserer rettskjeldebiletet. Det er derfor etter mitt syn viktig at det ikkje no kjem inn nye element som kan gjere det endå meir krevjande å handtere situasjonen for rovviltnemndene.

Med helsing



Sveinung Rotevatn

